

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
140/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-150	20/3402

## Tertialrapport III 2020

### Framlegg til vedtak:

1. Det vert gitt eit tilskott til Leirvåg bedehus på kroner 75 000,- for dekning av deira underskot for 2020.
2. Det vert gitt eit tilskott til eldrerådet på kroner 10 000,- til arrangere datakurs for eldre.
3. Det vert gitt eit tilskott på kroner 20 000,- til julegåve aksjonen som blir arrangert av Ungdomsrådet, ungdomskonsulenten og Frivilligsentralen.
4. Det vert gitt kroner 20 000,- ekstra til innkjøp av julemat for tilsette som jobbar i julehelga og nyårshelga på helse og omsorg sine einingar.
5. Kommunestyret tek rapporten til vitande.

### Kommunestyret - 140/20 - 10.12.2020

#### KS - behandling:

Rådmann Liv Løvvik innleia til presentasjonen av tertialrapporten. Løvvik takka for arbeidet som er gjort av heile organisasjonen, med politisk støtte. Rådmannen sa vidare at det er gode tal, men åtvare mot å bruka for mykje av midlane no.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes presenterte tertialrapporten.

Reidar Øksnes (Sp) sa om løyvinga til Landbruksfagrådet, der det er sett av 300.000 kroner, at rådet ikkje hadde fått med seg at det var sett av midlar, men det er planlagt no å tildela iht. retningslinjer som er brukt tidlegare.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er gjort ein hard jobb av mange for å få dette resultatet. Må vera vaken for å sjå kvar det er tatt for mykje, slik at ein kan justera. Denne hestekuren var naudsynt, men må vera merksam på dei signal som måtte komma frå ulike stader i organisasjonen. Om investeringar, sa Dyrkolbotn at han støtta det at ein må ikkje vedta fleire prosjekt enn det er mogleg

å realisera. Er samd i å støtta Leirvåg bedehus, men synest ikkje det er rett sakshandsaming å gje støtte når det er ein søknad som politikarane ikkje har sett.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at det er grunn til å skyta av administrasjonen som har klart desse kutta. Ser at ein småkommune kan klara seg vel så bra som dei kommunane som slår seg saman. Nordø sa at han håpar landbruksmidlane får bein å gå på til landbruksføremål, og spurte om steinaldersatsinga, kva vil skje med desse midlane dette året og neste? Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug svara om steinaldersatsinga ved Fosnstraumen, og sa at trefyringa som skulle gjerast er ikkje gjort i år, men har fram til mai 2021 med å gjennomføra dette og det aktar ein å få til.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at det er kjekt å sjå at kommunen har komme på den rette sida økonomisk. Spurte om midlar som er sette av til omsorgsteknologi, men ikkje brukt. Om det skal settast av meir midlar til dette må ein sjå på kvifor det som alt er avsett ikkje er brukt.

Kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme svara om dette. Atea har vore og sett på sjukeheimen, dei må komma tilbake for å undersøka bygget vidare, dette rakk ein ikkje å gjennomføra før Korona stoppa arbeidet. Planlegg å få fart på prosjektet i 2021. Ser at dette er meir kostnadskrevjande enn tenkt, og må sjå på kostandene. Må først få på plass ei løysing for dementavdeling, der hastar det mest.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om lønsnivået i Austrheim kommune (for innbyggjarar). Ordførar Per Lerøy (Ap) svara at Austrheim har vore på 3.-4. plass i Hordaland, ligg no på sjuandeplass av 43 kommunar i Vestland når ein måler på inntekt per innbyggjar. Dei som er over Austrheim er kraftkommunar samt Austevoll. Austrheim skårar godt på skatteinntekter sidan det er mange som tener jamt bra.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

1. Det vert gitt eit tilskott til Leirvåg bedehus på kroner 75 000,- for dekning av deira underskot for 2020.
2. Det vert gitt eit tilskott til eldrerådet på kroner 10 000,- til arrangere datakurs for eldre.
3. Det vert gitt eit tilskott på kroner 20 000,- til julegåve aksjonen som blir arrangert av Ungdomsrådet, ungdomskonsulenten og Frivilligsentralen.
4. Det vert gitt kroner 20 000,- ekstra til innkjøp av julemat for tilsette som jobbar i julehelga og nyårshelga på helse og omsorg sine einingar.
5. Kommunestyret tek rapporten til vitande.

### **Saksopplysninger:**

